

NORHEIMSUND KYRKJE

Utsmykking



HISTORIKK:

Vikøy kyrkje er hovedkyrkja i soknet. Planar om kyrkje i Norheimsund er 100 år. Frå 60-åra det aktiv innsamling av pengar ved kyrkjeringane.

Kommunen hadde ikkje råd, men gav grunn.

I 1986 vedtok soknerådet å byggja kyrkje for egne midlar, då kr. 2 mill., og midlar samla inn under byggeperioden.

Grunnstein vart nedlagd august 1986 og kyrkja innvigd av biskop Lønning i 1989.

Innsamla midlar og dugnad ca. kr. 12 mill.

Verditakst i samband med forsikring kr. 24. mill.

KYRKJEBYGGET:

Teikna av arkitekt Peder Ristesund.

Tidhøveleg arbeidskyrkje, men delvis bygd på gamle tradisjonar.

Takkonstruksjonane minner om stavkyrkje og likeeins søyler som berande element, men her med betong som material.

Særmerkt er at kyrkjeskipet ligg diagonalt frå eit rommeleg våpenhus i vest til altervegg i aust, plassert mellom to av søylene.

"Kyrkjevandring" måtte helst ta til ute.

Når ein går mot kyrkjeinngangen, har ein ein gråsteinsmur på høgre hand.

Ved enden av denne har ein det første biletet i den serien som fører fram til albertavla.

- Jesus rid inn i Jerusalem – Palmesundag
- Like om hjørna er eit relieff frå Getsemane, Judas-kysset
- Relieffet syner Peter i øvstepresten sin gard – fornekinga
- Jesus vert hudfletta
- Eit større relieff med Golgata-motiv
- Røvaren som får lov å koma til Paradis
- Jesus vert boren til grava
- Hole i steinmuren, delvis dekkja av ei stor rund helle, bilete av Jesu grav. Frå denne stod Jesus opp

ALBERTAVLA:

Med Jesu oppstode som hovedmotiv:

Tavla har eit stort midtfelt og to sidefelt. Midtfeltet har eit større øvre felt, det himmelske, og eit mindre nedre felt, det menneskelege.

Mellom desse er der 3 trianglar som syner trusinnhaldet.

I dei to sidefelta er det 12 englar, laga i steinmosaikk.

Engelen, nede i høgre sidefelt, kom, ifølgje Matteus, ned frå himmelen i eit stort lys, velte steinen frå grava og sette seg på han, (som eit Guds segl på opa grav?)

Engelen nederst i venstre sidefelt: "Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han har stått opp som han sa dykk."

Englar med ymse hudfarge jublar i himmelrommet.

Den treeinige Gud.

Faderen sitt symbol, triangelet, finn ein i bjelkekonstruksjonane i taket.

Sonen – Kristusfiguren i tavla.

Den Heilage Anden symbolisert i marmordua som heng over.

TAVLA:

Då Jesus stod opp var det jordskjelv. Materien sprakk, vist med fleire sprekker i betongen, med dei store radiære sripene og i den store V-forma. (Den kan også bety grava som opnar seg og kan tolkast som sigerteiknet: V

Forhenget i tempelet rivna og vegen til Gud var opna.

Kløfta over hovudet på Kristusfiguren minner om dette.

Tavla er støypt i betong, armert. Kristusfiguren har kome fram ved at ein figur, laga av kryssfiner, vart lagt i ei forskalingsform her på golvet. Dei radiære sripene med trestruktur kom fram ved at forskalingsborda vart etsa, brende og slipte. Då finerfiguren vart fjerna, vart det limt 1 cm tjukke marmorplater på baksida og lys fekk skina gjennom.

Kristusfiguren vart framheva ved at innsida av betongkanten vart dekkja av bladgull som representerer RETTFERD og HEILAGDOM. Likeeins glorien om hovudet og "mandorlaen", den ovale forma som omgir Kristusfiguren.

Trusinnhaldet

Blå trekant til venstre: Lovtavlene med dei 10 bodorda.

Lyn-symbol - straff for synd

Blå trekant i midtlina med eit lam, "liksom slakta".

Johs. 1.29 Lammet ber ein kross. "Sjå der Guds lam..."

Frå lammet går ein raud straum nedover og, som eit sverd krasar hovudet til slangen, "den gamle ormen" som kryp langs bakken, for å føra mennesket til fall.

Blå trekant til høgre med dåps-symbol, dua, og nattverdkalk og oblatar.

FORSONING, TILGJEVING, NÅDE.

Heilt til venstre i midtfeltet er det eit raudt symbol:

AO, alfa og omega, første og siste bokstav i det greske alfabetet.

Johs.op. 22.13 "Eg er ALFA og OMEGA, den første og den siste, opphavet og enden..."

Heilt til høgre eit anna symbol: Ankeret med kjetting.

Hebr. 6.19: "Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela. Det når innom forhenget i heilagdomen, dit Jesus gjekk inn og opna vegen for oss."

Ei smal steinsett gesims deler øvre og nedre del av midtfeltet, den representerer Guds mangfoldige skaparverk.

Nedanfor er det ei frise av menneskelivet --- verknaden av JESU DØD og OPPSTODE.

1. Menneskegruppe. Kjernefamilien (kanskje Adam, Eva, Kain og Abel)
Kvinna tek imot livet frå Gud.
2. Freistaren ("Den gamle ormen") buktar seg langs golvet, prøver å få mennesket til fall, 1.Pet. 5.8
3. Syndefall. Opprør mot Gud.
4. Brodermord og fosterdrap, som eksempel
5. "Vanleg menneske" som ser seg som syndar når han samanliknar sitt liv med Guds lov.
6. Mann som ber syndebør til Jesus, til krossen.
7. To knelende barn ved Jesu soningsblod.
1.Johs. 1.9: "Dersom me sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig så han tilgjev oss syndene...
Matt. 18.3: "Utan at de vender om og vert som barn, kjem de ikkje inn i himmelriket."

Frå liv under lova til liv under nåden.

8. Å vera kristen er å ta imot Guds gåve med begge hender.
Johs.1.12 "Alle som tok imot han, gav Han rett til å verta Guds barn."
9. Resultatet av trua: Gode gjerningar.
 - a. Diakonia. Ein som hjelper ein som ligg nede
 - b. Ein som vitnar eller forkynner ordet
 - c. Ein som lovprisar og takkar Gud
 - d. Ein som trøystar in sørgjande
10. Ei kvit kiste og ein kvit figur over denne.
Den som døyr i trua på Jesus, skal stå opp att på same måten som Jesus stod opp.

Samandrag:

GUD SKAPTE VERDA OG MENNESKET FULLKOME TIL EIT LIV MED SEG

SYNDA KOM INN, ØYDDE/ ØYER NATUR OG MENNESKE

Av KJÆRLEIK SENDE GUD – I SIN TIME – Jesus Kristus for å sona synda og oppretta samfunnet MED GUD FOR TID OG ÆVE.

Audun Storaas